# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 049/18 | Fellesnemnd | PS | 03.09.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ørjan Raknes Forthun | | 18/2568 |

**Adresseendringar før samanslåing til Alver kommune.**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

| | Adressenavn 1 | Adressenavn 2 | Tilråding |
|---|---|---|---|
| 1 | Langhøyane (R ) | Langheiane ( L ) | Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, tilrår me at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adressenamn for Langheiane ( L). |
| 2 | Kolås (R) | Kolåsvegen (L) | Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen- oddetal. |
| 3 | Kvernhusvegen ( R) | Kvernhusmyrane, -haugane ( L) | Eventuell omadressering av Kvernhusvegen i Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til navneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås<br>er avklart. |
| 4 | Nedre/Øvre Soltveit(R) | Soltveitvegen ( L) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 5 | Askelandsvegen, -neset ( R) | Askelandsvågen ( L) | Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda- partal. |
| 6 | Hellandsneset ( R) | Hellesneset ( L) | Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 7 | Hellevarden ( R) | Helleåsen ( L) | Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen- partal. |
| 8 | Sætrevegen ( R) | Sætrevikvegen, -marka (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 9 | Jonsokhøyen ( R | Jonsokgrenda (M) | Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen. |
| 10 | Skjelvik ( R) | Skjeljevikane (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11 | Juvikstølen (L) | Juviknipa (M) | Ut frå ulik ending på adressenavnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer me at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 12 | Galteråsen ( L) | Galtenesvegen ( M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 13 | Lyngvegen ( L) | Lyngnesvegen (M) | Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 14 | Bjørndalen ( L) | Bjørndalsvegen (M) | Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen- partal. |
| 15 | Lonsvegen (L) | Lonerenen (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 16 | Krossleitet (L) | Krossneset ( M) | Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 17 | Kyrkjevegen ( L) | Kyrkjesundvegen(M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 18 | Nordgardsvegen (L) | Nordgardshaugen (M) | Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen -oddetal. |
| 19 | Fagervollen (L) | Fagerbakken (M) | Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |

.............................

**Fellesnemnd - 049/18**

**FN - behandling:**
Orientering til saka ved kommunalsjef Anny Bastesen
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FN - vedtak:**

| | Adressenavn 1 | Adressenavn 2 | Tilråding |
|---|---|---|---|
| 1 | Langhøyane (R ) | Langheiane ( L ) | Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, tilrår me at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adressenamn for Langheiane ( L). |
| 2 | Kolås (R) | Kolåsvegen (L) | Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen- oddetal. |
| 3 | Kvernhusvegen ( R) | Kvernhusmyrane, -haugane ( L) | Eventuell omadressering av Kvernhusvegen i Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | navneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås er avklart. |
| 4 | Nedre/Øvre Soltveit(R) | Soltveitvegen ( L) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 5 | Askelandsvegen, -neset ( R) | Askelandsvågen ( L) | Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda- partal. |
| 6 | Hellandsneset ( R) | Hellesneset ( L) | Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 7 | Hellevarden ( R) | Helleåsen ( L) | Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen- partal. |
| 8 | Sætrevegen ( R) | Sætrevikvegen, -marka (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 9 | Jonsokhøyen ( R | Jonsokgrenda (M) | Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen. |
| 10 | Skjelvik ( R) | Skjeljevikane (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 11 | Juvikstølen (L) | Juviknipa (M) | Ut frå ulik ending på adressenavnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer me at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 12 | Galteråsen ( L) | Galtenesvegen ( M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 13 | Lyngvegen ( L) | Lyngnesvegen (M) | Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 14 | Bjørndalen ( L) | Bjørndalsvegen (M) | Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen- partal. |
| 15 | Lonsvegen (L) | Lonerenen (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 16 | Krossleitet (L) | Krossneset ( M) | Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 17 | Kyrkjevegen ( L) | Kyrkjesundvegen(M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 18 | Nordgardsvegen (L) | Nordgardshaugen (M) | Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen -oddetal. |
| 19 | Fagervollen (L) | Fagerbakken (M) | Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |

Adresserparsellar me tilrår skal få nye adressenavn no, vil verte lagt fram for godkjenning i kvar enkel kommune

..............................

**Saksopplysningar:**
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Å endra liknande adresser, er ikkje ei må-oppgåve før kommunesamanslåing, men arbeidsgruppe for matrikkel har blitt bedt om å gjera ei vurdering av liknande adressenavn i framtidige Alver kommune.

Fellesnemda bes om å gje si tilslutning til arbeidsgruppa sitt framlegg til adresse-endringar, eventuelt koma med alternativt framlegg.

**Bakgrunn:**

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har sidan det massive adresseprosjektet i Nordhordland starta på begynnelsen av 2000-talet hatt eit samarbeid for å unngå like adressenavn i regionen Nordhordland og Gulen. Dette samarbeidet har i fungert i dei fleste tilfeller, men me ser at denne rutina kanskje har svikta i enkelte tilfeller. Det finnast også namn som har liknande ordlyd eller som har utgangspunkt i like stadnavn, men ligg i ulike kommunar. Når desse kommunane no skal verta til Alver har rådmannsgruppa bedt arbeidsgruppa for matrikkel om å sjå på desse liknande navna og vurdera omadressering der det er nødvendig.

Leiar for matrikkelgruppa var også med i møte i fellesnemda i mars og orienterte litt om adressenavna me ville vurdera.

**Saksutgreiing:**

Etter retningslinjer frå kartverket er kravet før kommunesamanslåing at det ikkje kan vera like adressekodar (4-sifra kode) i kommunar som skal slåast saman. Våre 3 kommunar har ikkje heilt like adressenavn, men Lindås og Meland har ein del like adressekodar. For å oppfylla kravet frå kartverket før kommunesamanslåinga er det tilstrekkelig å endra adressekodane i Meland eller Lindås. Rådmannsgruppa har likevel bede om at matrikkelgruppa i Alver skal gjera ein analyse av liknande adressenavn som kan føra til at t.d redningsinstansar eller andre lett kan ta feil av adresser!

Arbeidsgruppa har gjennomført ei kartlegging av liknande adressenavn og har også hatt forespurnad ute til ein del andre kommunetilsette og redningsinstansar, der me har bede om tilbakemelding på deire oppfatning av fare for forveksling. Desse tilbakemeldingane er tatt med i vurderingane ved prioriteringar og vurderingar av behovet for omadressering.

**Vurdering:**

Arbeidsgruppa for matrikkel har gjort ei vurdering av 19 tilfeller av likskapar mellom adressenavn.

Omadresseringar bør ikkje utførast, dersom det ikkje er nødvendig. Personar som har hatt ei adresse i årevis, kan føla det som ei belastning å endra adresse, og mange kjenner ein identitet til adressa si. For firma/ skular/ offentlege instansar o.l. som har ei adresse som er godt kjent, og som gjerne er trykka på konvoluttar og anna materiell kan det vera uheldig og

kostbart med adresseendringar.

Arbeid med å finna nye adressenavn og få godkjent skrivemåte til desse, er arbeids- og tidkrevjande. Nye adressenavn skal godkjennast av stadnavnkonsulent i kartverket og godkjennast i kvar enkelt kommunestyre, dersom dette skal utførast før Alver kommune er operativ. Kommunane har ikkje kapasitet til å gjennomføra alle omadresseringar som kanskje kunne vore ynskjeleg. Dette er også eitt arbeid som kan halda fram inn i Alver kommune.

Det er  ei omfattande saksbehandling knytt til adresseendringar. Etter godkjenning av nye adressenavn skal dei berørte partar skal ha førehandsvarsel, vedtak om omadressering og eventuell klagebehandling.

Det er også ein kostnad som kommunane må ta med innkjøp og utsending av nye husnummerskilt og bestilling og oppsetjing av nye tilvisingsskilt og adressenavnskilt.

Totalt sett vil omadresseringar, i denne fasen me er i med kommunesamanslåing, verta ei ekstra belastning på tilsette som arbeider med dette. Me ser at det kjem fleire oppgåver me må bidra med for Alver og ser difor at me må avgrensa dette arbeidet så mykje som råd. I og med at dette ikkje er ei såkalla MÅ-oppgåve før kommunesamanslåinga, har me gjort ei vurdering av dei adressenavna som kjem fram av tabellen inntatt nedanfor.

Arbeidsgruppa har kome fram til ein konklusjon me meiner er tilrådeleg for dei fleste av adressenavna. Me vil likevel streka under at me syner dette har vore ein vanskeleg jobb og vurderingane har vore vanskelege. Årstal for oppretting av adressenavnet, tal adresseeiningar og muligheit for innlemming i andre adressenavn har vore element i vurderinga.

Adressenavna Langhøyane ( R) og Langheiane ( L) er i ei særstilling, då desse navna er veldig like og begge har mange adresser tilknytt!

Her må det finnast eit nytt navn for eitt av adressenavna. Langhøyane, frå før 2000, er eit større etablert bustadfelt på Manger med 60 tilknytta adresser. Langheiane som vart vedtatt i 2012, er feltet som har avkøyring frå Lonsvegen i Knarvik og har 109 adresseeiningar.

Årsaka til at desse navna vart vedtatt så like er mest trulig at framlegget til navnet Langheiane ikkje vart sendt ut på høyring til dei andre kommunane i regionen, slik det skulle vore.

Resultatet vart då at Radøy og Lindås i dag har 2 nesten heilt  like adressenavn.

Liste over dei 19 adressenavna arbeidsgruppa har vurdert:

| | **Adressenavn 1** | **Adressenavn 2** | **Vurdering** | **Tilråding** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Langhøyane (R ) | Langheiane ( L ) | Langhøyane ( frå før 2000 med 60 adr) er eit stort etablert bustadområde på Manger. Langheiane ( frå 2012 med 109 adr) er eit stort nytt | Her må det finnast eit nytt navn for ei av adressene. Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, tilrår |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | bustadfelt i Knarvik. Framl. til navnet Langheiane vart ikkje sendt ut på høyring til dei andre kom. slik det skulle. | me at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adresse-namn for Langheiane ( L). |
| 2 | Kolås (R) | Kolåsvegen (L) | Kolås i Radøy (frå 2005 med 9 adr) 3og Kolåsvegen i Lindås (frå 1977 med 44 adr) | Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-oddetal. |
| 3 | Kvernhusvegen ( R) | Kvernhusmyrane, -haugane ( L) | Det er eit eige vedtak i Lindås på at Kvernhusmyrane (frå 1981 med 31 adr) og Kvernhushaugane ( frå 1984 med 32) adr skal endrast til Rådhusvegen. Det er mykje som skal skje i dette området i Knarvik, så her må det heilt sikkert omadr. til med tida. | Eventuell omadressering av Kvernhusvegen I Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til navneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås er avklart. |
| 4 | Nedre/Øvre Soltveit(R) | Soltveitvegen ( L) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 5 | Askelandsvegen, -neset ( R) | Askelandsvågen ( L) | Askelandsvegen (frå 2005 med 37 adr) og Askelandsneset ( frå 2005 med 16 adr.) i Radøy har til saman over 50 adr, medan Askelandsvågen i Lindås ( frå 2006 ) har 9 adr. | Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda-partal. |
| 6 | Hellandsneset ( R) | Hellesneset ( L) | Hellandsneset i Radøy (frå 2005 med 24 adr ) og Hellesneset i | Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Lindås ( frå 2006 med 33) Desse er nokså likestilt og me må velja omadressering av det eine navnet! | nytt adressenavn. |
| 7 | Hellevarden ( R) | Helleåsen ( L) | Hellevarden i Radøy ( frå 2010 med 12 adresser og<br>Helleåsen i ( frå 2014 med 21 adr. Her kan dei 12 adr. i Hellevarden inngå i Radøyvegen. | Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-partal. |
| 8 | Sætrevegen ( R) | Sætrevikvegen, -marka (M) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 9 | Jonsokhøyen ( R | Jonsokgrenda (M) | Jonsokhøyen ( frå før 2000 med 23 adr.) og Jonsokgrenda ( frå før 2000 med 17 adr.) For Jonsokgrenda i Meland må det eventuelt nytt navn til då det ikkje er ledige adr i tilliggande Frekhaugskogen. | Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen. |
| 10 | Skjelvik ( R) | Skjeljevikane (M) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 11 | Juvikstølen (L) | Juviknipa (M) | Juvikstølen ( frå 1977 med 37 adr- ma fleire skular. Juviknipa ( frå før 1980 med 48 adr. Her er mange adr tilknytt begge adressenavna. Adr. er godt innarbeidd og kjende i begge kommunane. | Ut frå ulik ending på adressenavnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer me at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 12 | Galteråsen ( L) | Galtenesvegen ( M) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 13 | Lyngvegen ( L) | Lyngnesvegen (M) | Lyngvegen i Lindås (frå 1977 med 38 adr.) Lyngnesvegen i Meland ( frå 2005 med 13 adr.) Her tilrår me at Lyngnesvegen i Meland vert omadressert. | Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 14 | Bjørndalen ( L) | Bjørndalsvegen (M) | Bjørndalen i Lindås ( frå 2006 med 15 adr) og Bjørndalsvegen i Meland (frå 2005 med 28 adr.) | Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen- partal. |
| 15 | Lonsvegen (L) | Lonerenen (M) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 16 | Krossleitet (L) | Krossneset ( M) | Krossleitet i Lindås (frå 1984 med 32 adr. Og Krossneset i Meland (frå 2005 med 13 adr. Alt til nytt namn er å adr. Rosslandsvegen, noko som er litt unaturleg ved plasseringa på Flatøy. | Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 17 | Kyrkjevegen ( L) | Kyrkjesundvegen(M) | Her vurderer me at det ikkje er så stor fare for forveksling. | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 18 | Nordgardsvegen (L) | Nordgardshaugen (M) | Nordgardsvegen i Lindås ( frå 2006 med 17 adr. Og Nordgardshaugen i Meland ( frå før 2000 med 93 adr.) | Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | oddetal. |
| 19 | Fagervollen (L) | Fagerbakken (M) | Fagervollen i Lindås ( frå 1984 med 47 adr) og Fagerbakken i Meland ( frå før 2000 med 26 adr.) Fagerbakken i Meland må omadresserast. Det er ikkje rom for å knyta desse på annan adresseparsell. | Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |

Adresserparsellar me tilrår skal få nye adressenavn no, vil verte lagt fram for godkjenning i kvar enkel kommune.

...............................